

Kort om Tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret

Tilskotet skal bidra til å utvikle og betre dei sosiale tenestene i Nav-kontoret.

Kven kan søkje om tilskot?

Det er berre Nav-kontor /kommunar som har motteke midlar i 2025 kan søkje om midlar for 2026. Det kan søkjast om midlar til vidareføring av pågåande prosjekt.

Frist for å søkje tilskot

Søknadsfristen er 1. februar 2026.

Kva er føremålet med tilskotsordninga?

Førmålet er å stimulere til utvikling av dei sosiale tenestene og tiltaka i kommunane etter sosialtenestelova.

Sosialtenestelova har som formål å betre levekåra for dei vanskelegstilte, og skal

- bidra til sosial og økonomisk tryggleik slik at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.
- bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.
- bidra til likeverd, likestilling og førebyggje sosiale problem.

Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer, skal innbyggjarane i kommunen oppleve auka kvalitet i tenestene og ei betring av levekåra.

Det overordna målet med tilskotsordninga er å skape eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behovet til brukarane.

Det blir ikkje gitt tilskot til

- søknader som berre beskriv kapasitetsauke i tenesta.

Målgruppe for tiltaka

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

Kor stort er tilskotet?

Det kan søkjast om opptil 750 000 kroner per 100 prosent stilling.

Rapportering

Fristen for status- og rekneskapsrapportering er 1. februar 2027.

Tidsperiode for tilskot

Tilskot blir primært gitt for eitt år frå oppstartsdato, men det kan givast i inntil 36 månader til same tiltak.

Søknaden

Arbeids- og velferdsdirektoratet tilbyr ei skreddarsydd søknadsstøtte som kan bidra til at Nav-kontor både utformar gode søknader og får eit solid grunnlag for utviklingsarbeidet - både ved oppstart og undervegs i tilskotsperioden. Søknadsstøtta er tilgjengeleg både på tilskotssida på Navet og i Mural. Det er sett opp eit eige introduksjonskurs i Mural for tilskotsordninga den **7. januar 2026 kl. 13.00–14.30**. Meld deg på her: [Muralkurs - Grunnleggende bruk for tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene Δ Delta](#)

Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt viss du har spørsmål eller treng rettleiing. Utfylt søknad blir signert og sendt til statsforvaltaren.

Søk tilskudd

Kontaktinformasjon til statsforvalteren i ditt fylket:

E-postadresse	Telefonnummer
Statsforvalteren i Agder	37 01 75 00
Statsforvalteren i Innlandet	61 26 60 00
Statsforvalteren i Møre og Romsdal	71 25 84 00
Statsforvalteren i Nordland	75 53 15 00
Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus	69 24 70 00
Statsforvalteren i Rogaland	51 56 87 00
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	78 95 03 00
Statsforvalteren i Trøndelag	74 16 80 00
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	33 37 10 00
Statsforvalteren i Vestland	57 64 30 00

Kva sier lova?

[Forskrift om tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV-kontoret, kap. 0621, post 63 - Lovdata](#)

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)